



## Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 30.05.2016

**Til stades:** Tellef Solås (leiar), Hans Inge Hagen (nestleiar og ref), Adle Helen T. Øya (kasserar), Skigruppa v. Terje Øverland, friidrettsgruppa v. Inge Nilsen.

**Forfall:** Randi Øygarden, handballgruppa, fotballgruppa, A-laget, ridegruppa og sykkelgruppa.

### 40/16 Referat frå styremøte 30.05.2016

Referat gjennomgått og godkjent.

### 41/16 Søknad om støtte til utgifter i forbindelse med finale i Norgesserien for lag

Saka utsett til neste møte.

### 42/16 Ringerundar Dyrskun 9.,10. og 11. august og gjennomgang av listene så langt

- Hans Inge sender dyrskudugnads mail til alle medlemene via Klubbadmin.
- Dyrskun skal bruke parkeringsplassen på Eventyrøy til parkering av bubilar under Dyrskun. Dei ønsker å bruke toalett og dusjar i garderobebygget og bør betale ein rettmessig sum til SIL for dette, då dei sjølve tek seg betalt for parkeringa.

### 43/16 Status årshjul

- Punkt 8: Medlemskontingent Seljord IL er forsinka, men skal sendas ut nå.
- Punkt 10: Det blir ikkje sendt ut medlemsgebyr for ridegruppa, kun medlemskontingent i år.
- Punkt 15: Treningsgebyr fotballgruppa blir sendt ut nå
- Punkt 16: Friidrettsgruppa har ikkje treningsgebyr i år.

### 44/16 Rapport frå undergruppene med gjennomgang av handlingsplan og økonomistatus

- Utbygging av det nye friidrettsanlegget og kunstgrasbanen er i rute og blir opna søndag 28. august under Sparebanken Din Cup.
- Telemark idrettskrets har godkjent søknad om økonomisk støtte til oppstart av barneidrett- og ungdomsidrettsskule nå i haust.

#### Skiigruppa:

Bra aktivitet og treningsksamlingar m/ bl.a. Magnus Krogh.

2 stk. gapahukar settast opp I Raudkleiv av Seljord personal.

#### Friidrett:

Friidrettsutstyr har komme. Ein må bytte ut sand i hoppegropa.

### 45/16 Ymse

- Inge sett opp skilt på kunstgrasbanen "Må ikkje brukast før ferdigstilling"
- Inge finn og kjøper Høgdehoppmatte "tjukkas" og trekk til lengdegropa. ca. 25.000,-
- Klubbadmin opplæring til ein utvalgt ansvarleg person i kvar undergruppe.
- Forslag om å ha eit felles lager med brus, pølser, nonfood m.m. på Eventyrøy, der undergruppene kan ta ut varer til eigne arrangement etc. Fotball kan kanskje administrere dette?

#### Dato for styremøte ut året:

Måndag 5.september, Måndag 3. oktober, Måndag 7. november, Måndag 5. desember og måndag 19. desember kl 19:00 har vi avslutning for året med utarbeiding av ny handlingsplanar for 2017.